

# Årsmelding 2022



# Årsmelding 2022

## Sogn og Fjordane Folkemusikklag

### INNHALD

SAMANDRAG.....	s. 2
Organisasjon.....	s. 2
Fond.....	s. 2
Prioriterte satsingsområde.....	s. 2
Informasjonsarbeid.....	s. 2
Folkemusikkarenaer.....	s. 3
Kulturpolitisk arbeid.....	s. 3
Organisasjon.....	s. 3
INNLEIING.....	s. 4
PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE.....	s. 4
Informasjon.....	s. 4
Folkemusikkarena.....	s. 5
Kulturpolitisk arbeid.....	s. 6
Distriktsmusikarordninga.....	s. 6
Høyring om Vestland fylkeskommune sin regionale plan.....	s. 6
Organisasjon.....	s. 6
Styret 2022.....	s. 7
Administrasjon – dagleg leiar.....	s. 8
Rekneskap.....	s. 8
Årsmøte 2022.....	s. 8
Lokallagsbesøk.....	s. 9
Medlemmer, medlemskap og representasjon.....	s. 9
UTGJEVINGAR.....	s. 10
Rolf Myklebust: "Slåttar i Nordfjordtradisjon".....	s. 10
Skumringstimen.....	s. 10
Andre utgjevingar som laget har for sal.....	s. 10
NETTPORTAL.....	s. 10
SOSIALE MEDIA.....	s. 11
FOLKEMUSIKKPRISEN.....	s. 11
FOND.....	s. 12
Rolf Myklebust Minnefond.....	s. 12
Mokursfondet.....	s. 12
SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR.....	s. 13

## **SAMANDRAG**

Sogn og Fjordane folkemusikklag var i byrjinga av 2022 prega av koronanedstengingar og usikkerheit knytta til dette, som førte til m.a. avlysing av Sogn og Fjordane-kappleiken. Ny dagleg leiar, Nikolai Storevik, vart tilsett frå 1. januar. Han var på ballen når det gjaldt arrangering av UngLåt i samband med Førdefestivalen, og fekk ein bratt læringskurve når det gjaldt folkemusikklaget sine aktivitetar. Ut over hausten skaut aktiviteten fart med arrangering av Vestlandskappleiken, søking og innvilging av TØFT-midlar til fire arrangement med born og unge som målgruppe, innsending av høyringsuttale til fylkeskommunen sin regionale plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035, planlegging av Sogn og Fjordane spel og dansarlag og masse meir. Styret har hatt flat struktur, utan nokon styreleiar, og har fungert godt ettersom styret har kontinuerleg fordelt rollene til styreleiaren seg imellom.

### **Organisasjon**

Styret har frå Årsmøte 27. mars hatt flat struktur og har ikkje hatt nokon styreleiar og har vore samansett slik: Kirsten Friis – styremedlem, Jofrid Årdalsbakke Djupvik – styremedlem, Berner Midthjell – styremedlem, Magnus Skjerdal – styremedlem, og Judith Vestreim – styremedlem. Varamedlemmer har vore: Marie Nicolaisen, Dagfrid Vallestad Brevik og Sigmund Larsen. Laget hadde 656 medlemmer (637 året før) medlemmer fordelt på 20 lokallag. Av desse var 90 born og unge under 18 år (82 året før). Nikolai Storevik overtok stillinga som dagleg leiar frå til 01.01.2022 etter Dordi Boksasp Lerum.

Styret har hatt 9 styremøter og handsama 70 saker.

### **Fond**

Laget forvaltar Rolf Myklebust Minnefond med ein eigenkapital på kr. 104.223,81 ved årsskiftet 2022-2023. Desse midlane er no delt ut etter at det vart vedteke på Årsmøte 2022 at fondet skulle løysast opp.

Laget forvaltar òg Mo-kursfondet med eigenkapital på kr. 89.933,80 ved årsskiftet 2022-2023.

### **Prioriterte satsingsområde**

I arbeidsprogrammet vedteke på årsmøtet er desse 4 satsingsområda peika ut: *Informasjon, folkemusikkarena, kulturpolitisk arbeid og organisasjon.*

### **Informasjonsarbeid**

Informasjonsarbeidet har vorte gjennomført via informasjonsbrev sendt på e-post til medlemmene, via laget sine nettside og sosiale media. Informasjonsarbeidet har fått ei oppgradering på dei sosiale mediene, ved at dei ulike laga sine sosiale mediasider vert sjekka jamnleg slik at folkemusikklaget kan spre informasjonen som vert posta der i sine kanalar. Arrangementskalendaren vert òg oppdatert jamnleg.

## **Folkemusikkarenaer**

Sogn og Fjordane-kappleiken vart avlyst på våren grunna usikkerheit rundt arrangeringa ettersom det var koronarestriksjonane tidleg på året.

UngLåt vart arrangert for andre gong i år på Sunnfjord FHS i samarbeid med Førdefestivalen og Hordaland folkemusikklag.

TØFT-prosjektet tok i 2022 form gjennom utlysing av midlar som lokallaga og medlemmer kunne søkje på til arrangement for born og unge i folkemusikk og folkedans-samanheng. Midlane som vart utlyste gjekk til følgjande prosjekt:

- Sunnfjord Kulturråd mottok kr. 30.000 til prosjektet «Folkedans i Sunnfjordskulen».
- Spelemannslaget Fjelljom mottok kr. 30.000 til Fjelljomfestivalen.
- Breim spelemannslag mottok kr. 7.000 til konserten «Opplevingar med Breimsmusikken».
- Gaular spelemannslag mottok kr. 15.000 til TØFT-samling og kurs i høve Viksdalsmarknaden.

Jostedal spel- og dansarlag arrangerte ein vellukka Vestlandskappleik i Jostedal 7.-8. oktober. Det var òg arrangert Sjokoladekappleik i høve Vestlandskappleiken.

## **Kulturpolitisk arbeid**

Vestland fylkeskommune sin regionale plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 var på høyring med høyringsfrist 4. november. Sogn og Fjordane folkemusikklag sende inn høyringsuttale til denne høyringa, der vi talte folkemusikkens og folkedansen si sak.

## **Organisasjon**

Årsmøte 2022 vedtok at Sogn og Fjordane folkemusikklag ikkje skal slå seg saman med Hordaland folkemusikklag, men heller halde fram samarbeidet mellom områdelaga. Årsmøte vedtok at setje ned ei nemnd på to personar frå kvart områdelag som skulle etablere eit samhandlingsopplegg. Samhandlingsopplegget tok form gjennom utarbeiding av ei samarbeidsavtale mellom områdelaga, som skal takast opp i Årsmøte 2023.

## INNLEIING

Folkemusikk og folkedans-miljøet i Sogn og Fjordane var i byrjinga av 2022 prega av koronanedstengingar og usikkerheit knytta til dette. Dette resulterte mellom anna i avlysing av Sogn og Fjordane-kappleiken. Ut over året skaut derimot aktiviteten fart att, mellom anna med arrangering av UngLåt i samband med Førdefestivalen, Vestlandskappleiken, Fjelljomfestivalen, TØFT-samling og kurs i Viksdalen, Bornas verdsdag m.m. Styret har dette året har halde fram med nettmøter, samt nokre få hyggelege møter på Skei. Styret har hatt flat struktur, utan nokon styreleiar, men arbeidet har gått fint likevel ettersom ansvaret som styreleiaren vanlegvis har hatt, har vorte fordelt på styremedlemmene som har teke ansvar og vervet på alvor. I tillegg har dagleg leiar brukt året på å setje seg inn i folkemusikklaget sine aktivitetar, slik at han kunne halde oversikt over kva som trengs å gjerast, noko styret er fornøgde med.

## PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

Formålsparagrafen til laget styrer all aktivitet. Arbeidsprogrammet, som vart vedteke av årsmøtet 2020 byggjer på føringane i formålsparagrafen, §1 Føremål;

*Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.*

Programmet hadde 4 hovudpunkt: *Informasjon, Folkemusikkarena, Kulturpolitisk arbeid og Organisasjon.*

### Informasjon

Informasjonsarbeidet har vorte gjennomført via informasjonsbrev sendt på e-post til medlemmene, via heimesida folkemusikklaget.no, vestlandskappleiken.no, sognogfjordanekappleiken.no, unglaat.no, og via sosiale media som Facebook og Instagram.

Informasjonsarbeidet har fått ein oppgradering på dei sosiale mediene, ved at dei ulike laga med sosiale medier vert sjekka jamnleg slik at folkemusikklaget kan spre informasjonen som vert posta der i sine kanalar. Folkemusikklaget ynskjer likevel at lokallaga sender folkemusikklaget sine nyheiter og arrangementer, særleg dei lokallaga som ikkje har sider på sosiale medier, slik at folkemusikklaget kan spre informasjonen vidare. På sosiale medier og på nettsida er det òg i auka grad nytta meir grafiske virkemiddel når informasjonen skal spreist.

Arrangementskalendaren på folkemusikklaget.no vert òg oppdatert jamnleg med diverse arrangement i folkemusikk- og folkedanssamanheng i Sogn og Fjordane. Enkelte arrangement i Hordaland og Møre og Romsdal, samt viktige nasjonale arrangement vert òg lagt ut i denne kalendaren.

## Folkemusikkarena

Sogn og Fjordane-kappleiken vart avlyst på våren grunna usikker situasjon rundt arrangeringa pga. koronarestriksjonar.

UngLåt vart arrangert for 2. gong i 2022 på Sunnfjord FHS i samarbeid med Førdefestivalen og Hordaland folkemusikklag. Her deltok 26 born og unge, som er 3 meir enn i fjor. Det vart halde tre hardingfelekurs, eit felekurs og eit trekkspelkurs. Song-, toradar- og folkedanskurset vart avlyst grunna låg påmelding. Sistnemnde vart likevel halde som dropp-inn-kurs under festivalen, og på dette deltok til saman 45 stk.

TØFT-prosjektet 2022 tok form gjennom utlysing av midlar som lokallaga og medlemmer kunne søkje på til arrangement for born og unge i folkemusikk og folkedans-samanheng. Midlane som vart utlyste gjekk til følgjande prosjekt:

- Sunnfjord Kulturråd mottok kr. 30.000 til prosjektet «Folkedans i Sunnfjordskulen» der elevar ved 4 skular i Sunnfjord fekk undervisning i folkedans over 6 veker, som resulterte i ei danseframvisning på Bornas Verdsdag i Førde 19. november. Totalt var 116 elevar med i prosjektet.
- Spelemannslaget Fjelljom mottok kr. 30.000 til kursarrangering for born og unge i høve Fjelljomfestivalen 1. oktober, der 15 born og unge deltok.
- Breim spelemannslag mottok kr. 7.000 til konserten «Opplvingar med Breimsmusikken» der 4 unge strykarar frå Gloppen kulturskule fekk vere med. Dei hadde elles kurs heile helga 11.-13. november fram mot konserten søndag.
- Gaular spelemannslag mottok kr. 15.000 til TØFT-samling og kurs i høve Viksdalsmarknaden 12. november. Her var 29. born og unge med.

I tillegg vart TØFT-prosjektet utvida til å gjelde born og unge frå 9 til 18 år, og ikkje berre ungdom.

Jostedal spel- og dansarlag arrangerte Vestlandskappleik i Jostedal 7.-8. oktober. Kappleiken var ein suksess og ein god oppstart etter to år med koronarestriksjonar som gjorde at både Landskappleiken, Landsfestivalen, Sogn og Fjordane-kappleiken var avlyst i 2020 og 2021. Berre Vestlandskappleiken vart arrangert i 2021 i Granvin. På kappleikstevlingane deltok det 135 deltakarar fordelt på 61 startnummer. Det var òg Sjokoladekappleik i høve Vestlandskappleiken. Her var det totalt 32 deltakarar fordelt på 23 startnummer. Fylkesarkivet var òg på besøk og dokumenterte kappleiken.

I etterkant av Vestlandskappleiken var det leiarmøte der 10 representantar frå lag i Sogn og Fjordane og Hordaland møtte opp. I tillegg var Magnus Skjerdal og Kirsten Johanne Friis frå Sogn og Fjordane folkemusikklag, samt dagleg leiar der.

Eit nytt prosjekt som folkemusikklaget sende ut til høyring var prosjektet Sogn og Fjordane spel- og dansarlag. Prosjektet handlar om å samle spelemenn,

spelekvinner og dansarar på tvers av kommunegrensar til å spele og danse saman, med mål om å ha det hyggeleg saman og delta i områdelaget på Landsfestivalen i Førde i 2023. Prosjektet vakte interesse, og det vart difor beslutta å setje i gong prosjektet våren 2023.

## **Kulturpolitisk arbeid**

### **Distriktsmusikarordninga**

Dette er ei slags vidareføring av fylkesmusikarordninga som no fasast ut. Den er no knytt til kulturskulane. Folkemusikklaget har vore ein av pådrivarane for å få denne på plass. Alle desse er viktige samarbeidspartnarar og ressurspersonar knytt til det arbeidet som folkemusikklaget driv, mellom anna når det gjeld TØFT-satsinga.

### **Høyring om Vestland fylkeskommune sin regionale plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035**

Vestland fylkeskommune sin regionale plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 var på høyring med høyringsfrist 4. november. Sogn og Fjordane folkemusikklag sende inn høyringsuttale til denne høyringa, der vi talte folkemusikkens og folkedansen si sak.

Du kan lese heile høyringsuttala i denne lenkja:

<http://www.folkemusikklaget.no/hoeyringsuttale-til-regional-plan-for-kultur-idrett-og-frivilligheit-20232035.6582910-160174.html>

## **Organisasjon**

Sogn og Fjordane folkemusikklag vart skipa 29. mars 1981. Føremålsparagrafen er vist ovanfor. Vedtektene er å finne på folkemusikklaget.no → FOLKEMUSIKKLAGET (fane) → Om laget (fane)

På folkemusikklaget sitt årsmøte 2022 vart det ikkje valt nokon ny styreleiar, noko som førte til at laget måtte konstituere seg sjølv. Styret kom i dei fylgjande styremøta fram til at dei ville halde fram utan styreleiar, og at ansvarsrollene som ein styreleiar elles ville hatt, vart fordelt på dei ulike styremedlemmene. Dette vart gjort, og har fungert godt ved at dagleg leiar har halde oversikt og fordelt ansvaret til dei ulike oppgåvene som dukka opp.

I 2021 vart det sett ned ei nemnd med to representantar frå Sogn og Fjordane folkemusikklag og to representantar frå Hordaland folkemusikklag som skulle utgreie korleis områdelaga kunne best mogleg samarbeide i framtida. Bakgrunnen for dette arbeidet er eit ynskje frå Vestland fylkeskommune om å sjå dei to områdelaga under eitt når dei skulle tildele oss midlar til drift og diverse tiltak. Fylkeskommunen er begge områdelaga sin viktigaste sponsor, og til dette arbeidet vart det tildelt kr. 100.000.

Nemnda vart samansett slik: Frå Hordaland: Åslaug Timenes Bell og Per Øyvind Tveiten (leiar i laget) og frå Sogn og Fjordane: Ingrid Schei Stuhaug og Knut David Hustveit (dåverande leiar i laget). Dei la fram eit utgreiing med framlegg til to moglege løysingar innan utgangen av 2021 slik føringane i årsmøtevedtaka i 2020 la opp til. Gruppa konkluderer med å tilrå at begge områdelaga vert slege saman til eit lag. Gruppa har òg skissert ei alternativ løysing med eit samordningsorgan samansett av medlemmer frå begge laga der ein såleis kan behalde områdelaga slik dei er i dag. Utgreiinga med framlegga vart sendt ut på høyring, før saka skulle opp i årsmøte 27. mars 2022.

På dette årsmøtet vedtok at Sogn og Fjordane folkemusikklag å ikkje skal slå seg saman med Hordaland folkemusikklag med 13 stemmer imot og 4 stemmer for. Årsmøtet i HFL stemde for ei samanslåing. Årsmøte i SFFL vedtok at setje ned ei nemnd på to pesonar frå kvart områdelag som skulle etablere eit samhandlingsopplegg, som anten skulle ta form gjennom eit samordningsorgan som tidlegare nemnd, eller ei samarbeidsavtale. Denne nemnda består av Knut David Hustveit (tidl. leiar i SFFL) og Nikolai Storevik (dagleg leiar i SFFL), Per Øyvind Tveiten (leiar i HFL) og Åslaug Timenes Bell (styremedlem i HFL). Samhandlingsopplegget tok til slutt form gjennom utarbeiding av ei samarbeidsavtale mellom områdelaga som skal takast opp i Årsmøte 2023.

Styret i Sogn og Fjordane folkemusikklag har arbeidd med å revidere dei ulike instruksdokumenta til styret, styreleiar og dagleg leiar som styrer korleis arbeidet vert utført i organisasjonen, slik at den er oppdatert mtp. dagens situasjon.

## **Styret 2022**

Det nye styret etter valet 27.03.2021 er dette:

Kirsten Johanne Friis	på val i 2023
Jofrid Aardalsbakke Djupvik	på val i 2023
Judith Vestreim	på val i 2023
Berner Midthjell	på val i 2022
Magnus Skjerdal	på val i 2022
Varamedlemmer	på val kvart år
1. Marie Nicolaisen	
2. Dagfrid Vallestad Brevik	
3. Sigmund Larsen	

1. varamedlem har vore kalla inn til alle styremøte.

Styret har hatt 9 styremøte i 2022 og handsame 70 saker. To av møta halde som fysisk møte og 7 vart avvikla som nettmøte.





Nikolai Storevik – dagleg leiar 2022

Nikolai Storevik tok over som dagleg leiar frå 1.1.22 etter Dordi Boksasp Lerum som var vikar for Liv Ulvik, som var dagleg leiar ut 2021.

### **Rekneskap**

Rekneskapen vert førd av ØKONOMISERVICE AS som er lokalisert i Lærdal. Dette er eit autorisert rekneskapsbyrå. Det medfører at vi ikkje treng velje vår eigen revisor.

### **Årsmøte 2022**

Årsmøtet vart halde som nettmøte 27.03.2022. 8 lokallag møtte med i alt 12 representantar. Frå styret deltok styreleiar Knut David Hustveit (møteleiar), Jorunn Sollid, Kirsten Johanne Friis, Jofrid Aardalsbakke Djupvik og Berner Midthjell, som vart kalla inn som vara. Dagleg leiar Nikolai Storevik var referent. Linda Dyrnes frå FolkOrg og Per Øyvind Tveiten frå Hordaland folkemusikklag møtte som observatørar.

## Lokallagsbesøk 2022

Dagleg leiar besøkte Spelemannslaget Fjelljom i samband med Fjelljomfestivalen. Det vart ikkje gjennomført andre lokallagsbesøk i 2022, noko som bør gjerast noko med i 2023.

## Medlemmer, medlemskap og representasjon

Folkemusikklaget hadde medlemmer 656 medlemmer (637 i 2021). Av desse er 90 born unge under 18 år (82 i 2021). Som tidlegare er 20 lokallag tilslutta områdelaget. Nytt frå 2020 er at 19 av lokallaga ligg i Vestland fylke (tidlegare Sogn og Fjordane) og eitt, Hornindal Spelemannslag, høyrer no til i Møre og Romsdal fylke.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har medlemskap i:

- FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans.
- Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival (Førdefestivalen).
- Vestland Musikkråd.
- Sogn og Fjordane Folkemusikklag er frå 2021 med i rådet for hardingfela.no.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har i 2022 vore representert på:

- Representantskapsmøte i Førdefestivalen v/Judith Vestreim.
- Vestlandskappleiken i Jostedal v/dagleg leiar, Kirsten Johanne Friis, Magnus Skjerdal og Judith Vestreim.
- Fjelljomfestivalen v/dagleg leiar.
- Høyringsmøte om Vestland fylkeskommune sin regionale plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 v/Kirsten Johanne Friis
- Fagkomitè for Folkemusikkstipendet til Vestland Fylkeskommune v/Judith Vestreim
- Ildsjelsamlinga 4.-6. november som er ein del av folkedansprogrammet til NSFF som heiter Dansespor v/Kirsten Johanne Friis

Utvalg av medlemmer og lokallag på Landskappleiken og Landsfestivalen:

Det var fleire frå lokallaga i Sogn og Fjordane som deltok på Landskappleiken og Landsfestivalen i 2022, og ettersom det er mange å nemne, trekker vi fram nokre få her. Arne M. Sølvberg og Asbjørg Hustveit Sølvberg frå Spelemannslaget Fjelljom gjekk til topps i dans klasse D på Landskappleiken. Det skal òg nemnast at dei fekk tildelt Gnist-prisen på vegne av Spelemannslaget Fjelljom for opplæring av born og unge i folkedans. Distriktsmusikar i Sunnfjord og medlem i SFFL, Ole Nilssen, gjekk til topps i durspel senior på Landskappleiken, og fekk kongepokalen. Han kom òg på fyrste plass saman med Dorte Nilssen på pardans senior på Landsfestivalen. På pardans senior på Landsfestivalen kom òg dei to para Anne Louise Drevdal og Tormod Øvrebø, og Audhild Molland og Kjell Einar Ormberg, begge frå Jostedal spel- og dansarlag på 3. og 5. plass. Åsmund Farstad frå Spelemannslaget Fjelljom fekk andreplass og fyrste napp i fele klasse B og 13. plass i den enorme hardingfele klasse B på Landskappleiken. Egil Furenes frå Folkemusikklaget Havbrusen kom på ein 7. plass i hardingfele klasse B. Knut M. Sandal gjekk til ein andreplass i hardingfele klasse D. Harald Kvandal og Rolf Inge Kvandal frå Gloppen hardingfelelag gjekk til ein 3. og 5. plass i instrumentutstilling hardingfele. Magnus Hope frå Indre Sunnfjord spelemannslag og Naustedalen spelemannslag stilte med

langeleik på instrumentutstillinga som einaste utstillar. Nordbygda spel- og dansarlag kom på ein tredjeplass på lagdans senior på Landsfestivalen. Gamlebanken spelemannslag kom på ein tredjeplass på lagspel fele/hardingfele på Landsfestivalen.

Resultatlistene for LK og LF kan ein sjå på nettsida resultat.folkorg.no.

Resultatlistene for Vestlandskappleiken kan ein sjå på vestlandskappleiken.no.

## UTGJEVINGAR

Dei hefta som er nemnde nedanfor har Sogn og Fjordane Folkemusikklag for sal:

### **Rolf Myklebust: «Slåttar i Nordfjordtradisjon».**

Rolf Myklebust sine seks notehefte med Slåttar i Nordfjordtradisjon vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og 1986. Folkemusikklaget har 682 hefte på lager ved utgangen av året. Det vart trykka opp 100 eksemplar av hefte 1 og 2 i 2022, med midlar frå Rolf Myklebust Minnefond ettersom hefta var nær utseld.

### **«Skumringstimen» - vokal folkemusikk frå Sogn og Fjordane:**

Boka Skumringstimen vart gjeven ut i 1998, og inneheld ei samling folkesongar skrivne ned etter kjelder frå alle kommunane i fylket. Boka inneheld også to cd-plater med opptak av kjeldene. Folkemusikklaget har 36 hefter på lager ved utgangen av året.

### **Andre utgjevingar som laget har for sal:**

(Tala i parentes viser restopplaget. pr. 31.12.22)

Notehefter:

- Lars Hjelbakk: *17 slåttar* (20 stk.)
- Einar Eimhjellen: *Slåttar og spelemenn i gamle Naustdal* (9 stk.)
- *Slåttar frå Jølster* (5 stk.)

Cdar:

- Sigmund Eikås: *På hogg og belegg* (13 stk.)
- Einar Eimhjellens gammaldansorkester: *Jenta va mi, se du* (3 stk.)
- Naustedalen SL: *Dans i Fosshalla* (7 stk.)
- Sigurd Eldegard: *Hardingfele* (198 stk.)

## NETTPORTAL

Folkemusikklaget har på nettportalen "Folkemusikk i Sogn og Fjordane" ein felles informasjonsportal knytt til domena [www.folkemusikklaget.no](http://www.folkemusikklaget.no), [unglaat.no](http://unglaat.no), [www.sognogfjordanekappleiken.no](http://www.sognogfjordanekappleiken.no) og [www.vestlandskappleiken.no](http://www.vestlandskappleiken.no). Nettsida har følgjande punkt på hovudmenyen:

- Folkemusikklaget
- TØFT
- UngLåt
- Sogn og Fjordane-kappleiken
- Vestlandskappleiken
- Kalenderfunksjon
- Notehefter og CDar

Her vert det jamleg publisert aktuelle nyhende og saker. Portalen har ein kalenderfunksjon der alle som ønskjer, kan legge inn arrangementa sine. Sakene på nettportalen blir såleis publisert på grunnlag av informasjon frå medlemmene og andre relevante aktørar, samt dagleg leiar sin jamnelege oppsøking av informasjon.

Folkemusikklaget ønskjer at nettportalen skal spegle det som skjer på folkemusikkfronten i fylket og oppmodar alle om å sende inn informasjon om arrangement i fylket. Nettsida er oppgradert med ny grafisk profil i 2019.

## SOSIALE MEDIA

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har eiga side på Facebook med kring 950 følgjarar. Her vert det vidareformidla eigne nyhende frå nettportalen og delt vidare folkemusikk-hendingar, relevante avisinnlegg m.m. Det har vore lagt spesielt vekt å på spreie informasjon om arrangement i Sogn og Fjordane og utøvarar frå Sogn og Fjordane. Laget har òg ein eigen konto på Instagram med omlag 340 følgjarar.

## FOLKEMUSIKKPRISEN



Kirsten Johanne Friis, med prisvinnar Dagrun Hesjevoll og dagleg leiar Nikolai Storevik.

Dagrun Hesjevoll fekk folkemusikkprisen for 2022.

Folkemusikkprisen er ei heidersutmerking Sogn og fjordane folkemusikklag deler ut anna kvart år i samband med Sogn og Fjordane-kappleiken. Ettersom Sogn og

Fjordane-kappleiken ikkje vart arrangert i 2022, så vart prisen delt ut på Vestlandskappleiken i Jostedal.

Dagrun fekk prisen for sitt lange engasjement for folkemusikken og folkedansen i Sogn og Fjordane, særleg gjennom arbeidet som dagleg leiar i Sogn og Fjordane folkemusikklag i 30 år.

Ein kan lese heile begrunninga for prisutdelinga på:

<http://www.folkemusikklaget.no/folkemusikkprisen-2022-til-dagrun-hesjevoll.6562111-175750.html>

## **FOND**

Sogn og Fjordane folkemusikklag forvaltar Rolf Myklebust Minnefond og Mokursfondet.

### **Rolf Myklebust Minnefond**

På Årsmøte 2022 vart det vedteke at alle midlane i Rolf Myklebust Minnefond kunne delast ut utan grense for storleiken på kvar tildeling, og at fondet skulle avsluttast når kontoen var tom. Tidlegare har det vore slik at tildeling av midlar frå fondet skal ikkje skje før kapitalen har nådd 100 000 kr, og at det då kun kunne delast ut 60 % av renteinntektene. Med dagens rentesatsar var dette ikkje teneleg, difor vart det beslutta å heller nytte fondsmidlane til å stø utgjevingar av tradisjonell folkemusikk frå Sogn og Fjordane, slik det står i vedtektene. I 2022 vart kr. 10.000,- tildelt Håvard Svendsrud for utgjevinga av Cden «Storreinlendaren og slåttar av og etter P.M. Bolstad». Deretter har kr. 10.438,- gått til trykking av 100 eksemplar av notehefte 1 og 2 av Rolf Myklebust sin «Slåttar i Nordfjordtradisjon», som var nær utseld.

Ved årsskiftet 2022-2023 hadde Rolf Myklebust Minnefond ein eigenkapital på kr. 104.223,81, og av dei var kr. 501 renteinntekter. Dei resterande midlane vart lyst ut med ein frist 1. desember. Vedtak om tildeling av resten av midlane vart gjort 10. januar 2023.

Les meir om fondet på [folkemusikklaget.no](http://folkemusikklaget.no) → FOLKEMUSIKKLAGET (fane) → Rolf Myklebust Minnefond (fane)

### **Mokursfondet**

Mokursfondet vart oppretta etter vedtak av årsmøtet 2011 og skal byggjast opp av driftsoverskot frå Mokurset, samt renteinntekter av fondet sin eigenkapital. No vert ikkje Mokurset arrangert lenger f.o.m. 2019, grunna økonomiske årsakar og låge påmeldingstal. UngLåt er arvtakaren til Mokurset. Ettersom dette kurset ikkje vert arrangert på Mo jordbruksskule, men på Sunnfjord FHS, er det ikkje naturleg å kalle dette nye kurset for Mokurset.

Midlar i Mofondet vert no nytta til å dekkje eit eventuelle driftsunderskot frå UngLåt, og til å gjere investeringar i UngLåt etter vedtak i styret. Det har ikkje vorte nytta midlar frå Mokursfondet i 2022. Fondet sto pr. 31.12.22 med kr. 89.933,80 i eigenkapital.

## SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR

Laget vil med dette rette ei stor takk til alle desse:

- Vestland fylkeskommune
- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- Førdefestivalen
- KOMP
- Frifond
- FolkOrg
- Norsk senter for folkemusikk og folkedans
- Luster sparebank
- Hordaland folkemusikklag
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
- Jostedal spel- og dansarlag – for arrangering av Vestlandskappleiken
- Ildsjelfondet til Sparebanken Vest
- Hardingfela.no
- Lokallaga i Sogn og Fjordane
- Søkjarar av TØFT-midlar og Rolf Myklebust Minnefond-midlar